



HR Prosjekt AS  
Gamlevegen 6A  
3550 L

Referanser:  
Dykkar: Jorolv Rivedal  
Vår: 17/1243 - 17/25173

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
06.09.2017

## Løyve til etablering av gangsti, HC-parkering og rullestolrampe - gbnr 133/71 Soltveit søndre

**Administrativt vedtak. Saknr: 406/17**

**Tiltakshavar:** Lindås kommune  
**Ansvarleg søkjar:** HR Prosjekt AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av gangsti, HC-parkering og rullestolrampe på friluftsområdet på gbnr 133/71 ved Hillandsvatnet. Tiltaket omfattar gangsti på 55 meter med breidde 2,5 meter og 5 % stigning, HC-parkering for ein bil og rullestolrampe på 15 meter.

Det vert vist til søknad motteken 19.04.2017, supplert 29.05.2017 og 04.08.2017.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 03.05.2017. Søknaden var komplett og klar for handsaming den 15.08.2017.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Alverstraumen er definert som LNF-føremål. Området er båndlagt etter lov om friluftsliv. Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med plan.

### Nabovarsel

Opprinnleg søknad var nabovarsla og det låg ikkje føre merknader. Det er ikkje send ut nytt nabovarsel etter at tiltaket er endra. Endringa gjeld plassering av avkjørsle og parkeringsplass og er å vurdera som mindre.

Administrasjonen vurderer at det berre er eigedomen gbnr 133/5 som kan bli berørt og vedtaket vert difor send eigar av gbnr 133/5 til orientering.



### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 04.08.2017.

Vegstyresmakta har i vedtak datert 15.08.2017 gjeve dispensasjon frå byggjegrensa langs veg for plassering av tiltaket slik det går fram av situasjonsplan mottatt 04.08.2017.

### **Tilkomst, avkøyrsløse og parkering**

Avkøyrsløse til offentlig veg er godkjent av vegstyresmakta i vedtak datert 15.08.2017.

### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser gangsti, rullestolrampe, plass for HC-parkering og avkjørsle.

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.


### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **VURDERING**

### **Plassering**

Situasjonsplanen viser at eitt av hjørna på parkeringsplassen er plassert i grensa mot gbnr 133/5.



Administrasjonen vurderer at tiltaket kjem inn under bestemmelsane for mindre tiltak og godkjenner plasseringa slik det går fram av søknaden, pbl § 29-4 3. ledd bokstav b).

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønns gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av gangsti, HC-parkering og rullestolrampe på gbnr 133/71 på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 04.08.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Avkjørsla skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 15.08.2017.**
- 3. Før mellombels bruksløyve/ferdigattest vert gitt skal faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/1243**

#### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld*

føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Katrine Kjørtaug  
Lindås kommune

Gangstøvegen 85 5911  
Postmottak, 5914  
Kvernhusmyrane  
20

ALVERSUND  
ISDALSTØ

#### **Mottakarar:**

HR Prosjekt AS

Gamlevegen 6A 3550

L